

## **Erfaringar med LP-modellen i 7 v.g. skuler**

LP-modellen sitt pilotprosjekt i vidaregåande skule, mars 2009

52 saker er jobba med så langt, 29 saker har vore analysert og nådd tiltaksfasa, 11 saker er evaluert og har vist positiv effekt.

### **Skulekoordinatorane oppsummerar erfaringar**

- LP- har ein grunnleggande pedagogisk forankring. Ufordring å få personalet til å sjå at LP kan hjelpe oss å utvikle organisasjonen
- Alle andre aktivitetar må planleggast slik at dei ikkje kolliderar med LP-møtet.
- Er stort sett veldig fornøgde. Har fått til profesjonelle gode samtaler.
- Problema blir allemannseige. Auka VI-følelse.
- Gode refleksjonar gir gammal kunnskap ny meining
- Vi må forbinde skulen sine suksesshistoriene med LP-modellen.
- Leiinga må bruke LP-modellen.
- Trur ikkje vi er klare for å institusjonaliser modellen etter to år. Tre år er kanskje nok.
- Rom i Fronter der referat ligger ute. Gruppene har sitt eige. Pluss et felles rom for LP-modellen
- Dei som er i mot det meste har vore toneangivande i skulen. Vi må stoppe moldvarpane i systemet.
- Lærarane som er mest i mot modellen er dei som er mest fagfokuserte. Vi har reflektert over om vi forstyrrar ein dyktig lærar i sitt arbeid, om vi presser han til å arbeide med ein modell han eller ho ikkje trur på.
- Vi har sakna eit prosjekt å samle oss om. Har hatt ein god prosess i førekant av oppstart med modellen. Dei aller fleste er positive. Ny rektor. Ei ny tid
- Vi laga ein plan for året og alt virka geit, men vi burde ha sette meir på heilheita. Vi må lage LP-møteplan slik at vi unngår å kollidere med store arrangement på skulen.
- Utfordring: korleis få nye lærarar inn i modellen
- Leiinga må presisere at LP-er viktig
- Vi lagar ny gruppestruktur frå hausten. Set saman grupper med lærarar som har same klasse. Har klasser med 23 lærarar inne i ei klassa.
- Folk er/var entusiastiske. No har det dala litt. Ei utfordring å halde motivasjonen oppe.
- Mange synes det er flott at det blir sett av tid til å jobbe med saker systematisk over tid.
- Nokre saker har hatt løysingssuksess.
- Nokre grupper var for små. Har slått saman grupper med suksess
- Alle lærarar som deltar i LP-modellen får 2% tidsressurs, gruppeleiar 5%. Litt lite.

#### **Arbeid i lærargruppene**

- Gruppene bør ha både praktikarar og teoretikarar
- Gruppeleiarane har vokst med oppgåva. Dei er med å utvikle skulen.

- Gruppeleiarar får hospitere i kvarandre sine grupper
- Skolekoordinator, rektor og verneombud sette sammen gruppene
- Gruppeleiarane vart plukka ut til første opplæringsdag. Nokon var misnøgdde. Dei fekk beskjed om at dei kunne være gruppeleiar i dei to opplæringsdagane og så finne ein ny. Berre to har skifta gruppeleiar. Gruppeleiar få ein ekstra ressurs
- Ei grupper har brukt prosjektor til å skrive referat, slik at alle kan følge med på det som blir skreve.
- Gruppesamansetning. For lite på tvers. Ganske homogene grupper. Nokre grupper fungerer nesten som team.
- Dei fleste grupper fungerer bra, men det er enkeltlærarane i mange av gruppene som er negative til modellen. Problem som går igjen er at vi kan ikkje sitte og vente på tiltak, vi må handle.
- Nokon slit med å finne saker. Enkelte gruppeleiarar har konstruert problemstillingar som er relevante for alle. Det har fungert i nokon grupper
- Grupper for leiinga og driftspersoane (reinhold, vaktmester). Driftsdelen har ikkje kome i gang. Treng tett rettleiing. Usikker på korleis det kan gjerast. Dei ynskjer å starte opp. Leiinga ser driftspersonalet som ein viktig del av elevane sitt læringsmiljø.
- Vi kjem ikkje til å innføre LP-modellen for annet personale.
- Gruppene har jobba godt. Blitt kjende med kvarandre. Referat er et arbeidsdokument i gruppene ikkje nødvendigvis et dokument for koordinatoren. Ser no at vi har saker på systemnivå der eg treng informasjonen.
- Alle gruppene har lekser

### **Hefta**

- Teorien er ei utfordring. Vanskelig å forstå. Har sett av ein dag då alle jobbar med teorihefta
- Må bruke tid på undervisning i teorien i Kunnskapsheftet. Mange lærarar har bladd i hefta, færre har lest dei, enda færre har forstått det som står der.
- LP-filosofien har ikkje fått nok fotfeste i organisasjonen Ikkje brukt litteraturen godt nok. Lærarane har bladd ikkje lest.
- Innføre obligatorisk lesing av LP-litteratur

### **Møter**

- Gruppeleiararmøtene tar vi av gruppeleiertidene. En halv time. Slik at LP-møtet den gangen blir en time.
- Vanskelig å få til gruppeleiararmøter. Kvar skal vi ta tida frå. Viktig for gruppeleiarane å møtes for informasjon og motivasjon.
- Korleis få nok informasjon til å kunne motivere lærarane. Manglar vi forum eller bruker vi ikkje godt nok dei vi har?
- Ser nytten av arbeidsgruppemøter, men har ikkje kome i gang enno
- Gruppeleiararmøte er ei nyttig kontakt mellom leiing og lærargrupper. Skulekoordinator skriv referat om kva slags saker gruppene arbeider med.

### **Koordinatorrolla**

- LP-koordinator har hatt regelmessige møter med gruppeleiarane

- Ei utfordring å være koordinator og leiar. Men det er vår rolle som leiar å være pådrivar i utviklingsarbeid. Større avstand til lærargruppene. Mindre informasjon.
- Trass i botten up, leiinga må være med å styre utvikling.
- Skolekoordinator er alltid med og observerer på gruppemøte. Sirkulerer. Avklar rolle. Viser at leiinga synes LP er viktig.
- Skulekoordinator er med i ei lærargruppe. Har ikkje fått gått rundt å sjå kva dei andre gjer. På vår gruppe har vi gapa veldig høgt. Vi vil mykje. For vide problemstillingar. For mange igangsetjarar.

## Rettleiar sine erfaringar

- Nødvendig med hyppigare rettleiing i oppstarten.
- Finne ein møtstruktur som harmonerer med veiledning (90 min)
- Det er eit modig stunt av leiinga å få så ulike kulturar som finnes i ein VGS til å einas om ein modell.
- Kva har hudpleiarane til felles med bygg. Eller design og handverk med elektro. Mange lærarar er i ferd med å sjå kva dei har felles
- Det er mykje dynamitt og dynamikk, men det er trivelig. Det er kaker på møtene.
- Lærarane besøker kvarandre sine avdelingar. Dei vert kjent med fleire kollegaer.
- Vi ser få individualsaker. Det er skummelt å blottlegge seg. Lite kultur for det i vidaregåande skule. Tryggare med fellessaker.
- Har tru på LP-modellen i VGS. Handtverkarane som er vant til å tenke fag til å tenkje på et anna nivå og bruke ein teoretisk modell.
- Eg må fokusere på å være rettleiar og ikkje pp-rådgivar når eg er i gruppene
- Ei utfordring er å ikkje gå fella å bli PP-rådgivar. Har lyst til å gi råd. Har erfart det same som andre her, at det skjer ikkje alltid noko sjølv om leiinga seier det eller PPT seier det. Lærarane må sjølv forstå at det er viktig.
- Ingen motstand mot at gruppene er sett saman på tvers av avdelingar. Lærarane er positive til å bli kjende med kvarandre.
- Det har utvikla seg ulike kulturar i gruppene. Nokon er veldig resultatorienterte, andre er veldig prosessorienterte.
- Har vore bort i grupper som fungerte så dårlig at dei løyste seg opp. Dei skulda ikkje på modellen men på seg sjølve.
- Dette verkar lovande og interessant.
- Lærerne har en tydelig identitet til avdelingene. Meir komplisert organisering i VGS enn i grunnskolen.
- Mange kontaktlærarar kjenner ikkje elevane sine.
- Ei utfordring at vi må gå midt i møtet. Også vanskelig å komme inn midt et eit anna møte der prosessen er godt i gang.
- Vanskelig å få lærarane til å ta opp saker om eigen praksis. Fleire saker på skulenivå. Vanskeleg å sjå nytteverdien i store fellessaker.
- TPO er lett å snakke om, fr det er det mage som slit med. Mykje famling i starten.
- Ei utfordring å involvere lærarar som ikkje er med i modellen der berre VG1 er med
- Organisering som gjer det mulig å være med under hele møtet.
- Få til en kultur der vi tørr å ta opp egne saker.
- Har sett at avdelingsleiarane er viktige.